



FORSAND KOMMUNE

Pris: 10.-

UBUREN

FAKTA

Lengde: 2-3 timer tur-retur

Passar for: Familietur

Parkering: God parkering

Kartblad: 1212 I: Høle

Verd å merka seg:

Fyrste del av turen er del av ein natursti.

Denne delen er og gruslagt skogsveg.

Turen har mange flotte utsiktspunkt, så hugs å ta med kamera.




Foto: Roy Mangersnes

OM TUREN

På Rossavikheia er ein stor, godt merka parkeringsplass. Herfra går turen på skogsveg opp i åpen og fin furuskog. I byrjinga er turen del av ein triveleg natursti, og her finst små opplysnings skilt som gir spanande informasjon om viltet, skogen og dynamikken i naturen. Over furuskogen finn ein varierande innslag av treslag som gran, lerk, bjørk og rogn. Desse dannar ein fin mosaikk som bidrar til eit rikt fugleliv. I tillegg er rådyr og rev også vanlege her oppe.

Stien opp gjennom skogen kan verka noko bratt, men han er lett å gå. Utsikten som møter ein på det fyrste platået er verdt nokre dråpar svette. Ved den krokete furua har ein fantastisk utsikt innover til Frafjord i sør. Vidare går stien over lett kupert terreng inn under kraftlinjene som strekkjer seg ut over Høgsfjorden. Dette er overføringslinjer frå Lysebotn til Sandnes.

Frå toppen av Uburen kan ein på fine dagar sjå heile vegen til Stavanger, Kvitsøy og Karmøy, og då med Forsand, Oanes og munningen til Lysefjorden i forgrunnen. Mot Rossevik kan ein sjå Rosså-hesten i fjellsida.

Historie og natur

Uburen er med sine 440 meter over havet eit landemerke ved innlaupet til Lysefjorden. Ei segn fortel at uønska barn blei frakta opp på fjellet og kasta ut frå stupet. Dei var sagt å vera "utborne", og namnet Uburen seiest å koma av dette.

Den bratte lia på nordsida av fjellet er dominert av blokkrik, fattig og moserik bjørkeskog. Her finst den einaste lokaliteten i Noreg av to svært sjeldne vestlege levermosar i tillegg til fleire arter av lav som er oppførte i den norske raudlista over trua plante- og dyreartar.



